

## Varsel om endring til gult farenivå for Veslemannen


Utarbeidet av seksjon for fjellskred

Rapportdato 08.08.2017

Veslemannen er ein avgrensa del av det ustabile fjellpartiet Mannen i Romsdalen, som har hatt relativt store bevegelser dei siste haustane. Området ligg 1100-1200 moh. og har et volum på 120 000 – 180 000 m<sup>3</sup>. Dette er om lag ein prosent av det totale volumet av Mannen. Medan den årlege bevegelsen til Mannen er opptil 2 cm/år, har bevegelsen på Veslemannen vore opptil 1 m/år.

Det var lite bevegelse i fjellpartiet gjennom vinteren, men bevegelsane tok til att i samband med snøsmeltinga i starten av mai. Gjennom sommaren har det vore jamn bevegelse. Den siste veka har hastigheita auka gradvis (figur 1), og passerte i dag terskelverdi for gult farenivå. Hastigheita er om lag 9 mm/døgn i øvre del av området, og rundt 1 mm/døgn for nedre del av området.

Som følge av dette hever NVE farenivået til gult, noko som inneberer at overvakingsrutinane blir noko intensivert. Daglege rapportar om bevegelsane vil bli publisert på <https://www.nve.no/flaum-og-skred/fjellskredovervaking/>.



Figur 1: Bevegelse den siste veka, registrert av ekstensometer plassert i øvre del av området.

Kontaktperson:

Ingrid Skrede, geolog i NVE

Tlf: 47 64 28 61